

REGLEMENT FOR ORDFØRAR I SANDØY KOMMUNE

1. Godtgjersle ordførar

Ordføraren si godtgjersle vert sett til 9 x grunnbeløpet i folketrygda gjeldande frå 01.10.2007. Det vert gitt ei etterløn tilsvarande 1 mnd. som kompensasjon for ferieløn når ordførar går av. Noverande ordførar beheld den ordninga han har ut perioden.

Godtgjersla til ordførar og varaordførar blir justert den 01.10 kvart år. Ordføraren får ikkje møtegodtgjersle.

Ordførar som var i lønna arbeid da han/ho vart vald til ordførar, og som ikkje har lønna arbeid når ordførarperioden er avslutta vert innvilga ei etterløn, på lønsvilkår som ordførar, for inntil 3 månadar. Saka vert handsama av rådmannen.

2. Kommunikasjonsgodtgjersle

Ordføraren disponerar fri mobiltelefon og får dekt kostnadane ved breiband i heimen.

3. Godtgjersle varaordførar

Varaordføraren si godtgjersle vert fastsett til 10% av ordføraren si godtgjersle. Ordinær møtegodtgjersle kjem i tillegg.

4. Pensjon

Ordføraren skal meldast inn i kommunen si pensjonsordning for folkevalde.

5. Ferie

Ordføraren skal kunne ta ut 5 vekers ferie i løpet av kalenderåret. Når ordføraren ønskjer å ta ferie, skal formannskapet/kommunestyret varslast, og det skal vurderast i kva grad varaordføraren skal fungere i ordføraren sin ferie.

6. Sjukepengar

Ved lang tids sjukefråvær skal ordføraren som hovudregel behalde si godtgjersle i inntil 50 veker, mot at det vert levert vanleg sjukemelding.

7. Ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikringar

Sandøy kommune skal syte for at ordføraren vert meldt inn i dei ordningane som gjeld etter HTA kap. 1 § 10 Ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikring, på lik line med ordinært kommunalt tilsette arbeidstakarar.

8. Andre folkevalde

Revidert reglement for godtgjersle til folkevalde skal utgreiast av rådmannen og leggst fram for kommunestyret på eit seinare tidpunkt.

Vedteke i K-sak 07/22